



Vestre Slidre  
kommune

**Kvalitetsrapport for  
barnehagane og grunnskulen i  
Vestre Slidre  
2023-2024**

## INNHold

<b>Innleiing</b> .....	<b>2</b>
<b>Vurdering og samandrag</b> .....	<b>3</b>
<b>Kvalitetsutvikling</b> .....	<b>4</b>
Utviklingsarbeid i barnehagane.....	4
Utviklingsarbeid i skulen .....	4
Trygt og godt skulemiljø .....	4
Kunstig intelligens (KI) .....	5
HMS-handbok og ROS-analyser.....	5
Laget rundt barn og unge i Vestre Slidre.....	5
Utviklingsarbeid på stega .....	5
Vidareutdanning.....	5
Vidareutdanning for tilsette i barnehagane.....	5
Vidareutdanning for tilsette i skulen.....	6
Rettleiing av nytilsette og nyutdanna lærarar.....	6
<b>Trygt og godt psykososialt miljø i barnehagane</b> .....	<b>8</b>
<b>Læringsmiljø</b> .....	<b>9</b>
Det fysiske læringsmiljøet .....	9
Opplæringslova .....	9
<b>Tal og resultat</b> .....	<b>14</b>
Tal frå barnehagane .....	14
Tal frå skulen .....	14
Resultat frå skulen.....	14
Gjennomføring av vidaregåande skule .....	17
<b>Utfordringsbilete og tiltak</b> .....	<b>19</b>
Folkehelseoversikten.....	19
Rekruttering.....	19
Vald og trugslar i barnehage og skule .....	20
Barn og unges digitale kvardag .....	20
Kutt i ressursar.....	21
<b>Nasjonale føringar og kjelder</b> .....	<b>23</b>

## INNLEIING

Opplæringslova § 13-3e, fastset at det skal utarbeidast ein årleg rapport som skildrar grunnskuleopplæringa i kommunane. Denne rapporten skal ta føre seg områda læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Formålet med rapporten er å bidra til at Kommunestyret som skuleeigar får auka oversikt og innsikt i det arbeidet som vert gjort i barnehagane og skulen. I Vestre Slidre tek også rapporten føre seg barnehagane i kommunen.

Rapporten skal sjåast i samanheng med kommunen sitt plan,- budsjett og rapporteringsarbeid. Datagrunnlaget er samla frå Utdanningsdirektoratets (Udir) statistikkbank og grunnskulen sitt informasjonssystem (GSI), og møte og dialog med barnehagane og skulen.

I små kommunar kan resultatata innehalde opplysningar der ein kan identifisere enkeltbarn. Dette kan være teiepliktige opplysningar. Dei er ikkje teke med i denne rapporten. Tilsvarande kan også gjelde for lokale indikatorar. Desse opplysningane må behandlast i tråd med reglane i forvaltningslova og/eller personopplysningslova.

Barnehagane og skulen pliktar å innfri dei krava som ligg i barnehagelova og opplæringslova. Frå nasjonalt hald skal Rammeplan for barnehagen styre barnehagen sitt innhald og oppgåver. Kunnskapsløftet skal styre innhaldet i skulen. Dei viktigaste planane på kommunalt nivå er Kommunedelplanen sin samfunnsdel 2017-2029 og under denne Kommunedelplan, Oppvekst 2018-2030. Kommunedelplan for oppvekst skildrar satsingsområda for kommunen i denne perioden som er Knallstart, Læringslivet, Sikkerhetsnett, Bygda og grenda mi, Vestre Slidre i verda og verda i Vestre Slidre.

Denne rapporten skal også gi eit bilete på korleis det er å vekse opp i Vestre Slidre kommune, dette blir gjort gjennom praksisforteljingar.

Frå 2023 skal kvalitetsrapporten innehalde resultat frå dei nasjonale prøvene i rekning, lesing og engelsk på 8. og 9. trinn for dei siste fem åra (KS-076/22).

## VURDERING OG SAMANDRAG

Resultata på kartleggingar og undersøkingar vil variere noko frå år til år i mindre kommunar, slik som Vestre Slidre kommune. Til tross for dette kan ein sjå tendensar over tid. Også i år har skulen og barnehagane eit resultat som indikerer at dei er inne i ei god utvikling.

I kvalitetsrapporten frå sist år kom barnehagestyrarane og rektor med sine vurderingar rundt kvifor barnehagane og skulen i kommunen har vore i ei god utvikling over fleire år. Dei trakk fram stikkorda:

- langsiktig og systematisk arbeid
- stabilitet
- godt omdømme
- Tilsette med rett kompetanse i alle stillingar
- Jobbe godt med kvalitetsarbeid i barnehagane og skulen. Dette gir kollektiv refleksjon og fokus på eigen praksis

Desse punkta er på fleire områder påverka av kvarandre. Fordi det har vore stabilitet i personalgruppa, har ein kunna jobbe langsiktig og systematisk, noko som er ei av årsakene til at kommunen har hatt eit godt omdømme på oppvekstsida. Med eit godt omdømme har vi også klart å få tak i god og rett kompetanse - i eit marknad der det er mangel på utdanna arbeidskraft.

I skulen har det vore kutta 2 årsverk siste 5 år. I barnehagen har det vore ei auke grunna auka barnetal. Det er viktig for oss i oppvekstsektoren å vere tydeleg på, at vi no har kome til eit punkt der ytterlegare kutt vil gå ut over kvalitet.

Kristin Bråten Tvenge  
Styrrar Slidre barnehage

Gunn Britt Haugrud  
Styrrar Røn naturbarnehage

Janne Opheim  
Rektor Vestre Slidre skule

Stine Mari Skrindsrud Nordaas  
Kommunalsjef oppvekst og kultur

## KVALITETSUTVIKLING

### Utviklingsarbeid i barnehagane

Dette året har ikkje barnehagane hatt rettleiing direkte av Høgskulen i Innlandet (HINN), då det er andre kommunar sin tur til å få dette. Alle barnehagane i Valdres deltek på dialogseminar, som HINN leiar, fire gonger årleg. Barnehagane deltok på regional digital planleggingsdag i november for å styrke den kollektive læringa og endring av pedagogisk praksis.

Kvar enkelt avdeling i barnehagane jobbar med sitt eige utviklingsarbeid, der den raude tråden i tema er styrking av det relasjonelle mellom barn-vaksen og barn-barn.

Barnehagane har hatt "Barnehagen som pedagogisk verksemd" som satsingsområde. Vi har samarbeida med vår kontaktperson i Pedagogisk psykologisk teneste (PPT). Vi har hatt felles personalmøte der "Barnehagen som pedagogisk verksemd" har vore tema. I tillegg har temaet vorte jobba jamleg med gjennom heile barnehageåret, ved felles refleksjon og kollektiv endring av praksis.

Barnehagane har styrka det tverrfaglege arbeidet rundt barnet for å sikre at barna får rett hjelp til rett tid, jf. det som alle personalet i barnehagane har fått orientering om i førebyggjande plan, som vi er i ferd med å implementere i barnehagane.

### Utviklingsarbeid i skulen

Kvar torsdag har lærarane ved skulen 1,5 timar møtetid som mellom anna blir nytta til utviklingsarbeid. Vi vekslar slik at annakvart møte er felles for alle/ på steg. Møtetida har vi mellom anna brukt til desse utviklingsområda:

#### **Trygt og godt skulemiljø**

Trygt og godt skulemiljø har vore ei satsing vi har jobba med i fellesmøta på skulen. Her har vi nytta Utdanningsdirektoratet (Udir) si kompetansepakke om trygt og godt skulemiljø. Arbeidet starta våren 2022 og blir avslutta våren 2024.

## **Kunstig intelligens (KI)**

Tilsette i 5.-10. klasse har delteke på to webinar om Kunstig intelligens. Kunstig intelligens i form av ein stor språkmodell er eit verktøy som kan hjelpe både lærarar og elevar på ulike måtar. IKT-Valdres jobbar med å gje elevar og lærarar i Valdres tilgang til felles KI-verktøy. Fleire lærarar har prøvd det ut i si undervisning.

## **HMS-handbok og ROS-analyser**

Verneombod, rektor og plasstillitsvalt har utarbeida HMS-handbok for skulen. Alle tilsette er gjort kjent med denne. I tillegg har heile personalet jobba med ROS-analyser av ulike aktivitetar/områder på skulen/i løpet av skuledagen.

## **Laget rundt barn og unge i Vestre Slidre**

Laget rundt barn og unge i Vestre Slidre (PPT, barnevern, helsesjukepleiarar, barneansvarleg i psykisk helse, representantar frå tildelingskontor, frisklivsrettleggjarar og fysioterapeut) deltok i eit møte med personalet på skulen. Målet var at tilsette skulle få betre kjennskap til kven "laget rundt barn og unge" er og kva dei einskilde kunne bidra med. Det skal utarbeidast ei oversikt over kven som er laget rundt barn og unge i Vestre Slidre. Her vil det stå: namn på teneste, kort informasjon om kva den einskilde teneste kan bidra med og kontaktinformasjon.

## **Utviklingsarbeid på stega**

I tillegg til felles utviklingsområde, har småsteget og mellomsteget sett filmar og slik lært å bruke/repetert korleis ein nyttar SOL (Systematisk Observasjon av Lesing), eit verktøy for å følgje med og opp leseutvikling. Ungdomssteget har jobba vidare med vurdering og fagkommentarar til utviklingssamtaler. Alle stega har også jobba med revidering av lese- og rekneplanane på skulen.

## **Vidareutdanning**

### **Vidareutdanning for tilsette i barnehagane**

Ingen tilsette i barnehagane har tatt vidareutdanning dette året.

### **Vidareutdanning for tilsette i skulen**

Skuleåret 2023/2024 er det fire tilsette ved skulen som tek vidareutdanning. Assisterande rektor var ferdig med rektorutdanninga hausten 2023. Sosialpedagogisk rådgjevar blir ferdig med toårig utdanning i "Tverrfagleg psykososialt arbeid med barn og unge", ein lærar på barnesteget tek 30 studiepoeng i norsk og ein 30 studiepoeng i matematikk. Skulen har ein plan for skulebasert kompetanseutvikling. Denne inneheld både ein regional og kommunal aktivitetsplan. I den kommunale står det kva fag/fagområde det er behov for at tilsette tek vidareutdanning i, og i den regionale om DeKomp (Desentralisert kompetanseheving) og Oppvekstløftet.

### **Rettleiing av nytilsette og nyutdanna lærarar**

Det er ikkje alt ein kan lære i utdanninga, noko lærer ein fyrst når ein kjem ut i yrket. Rettleiing av nyutdanna er ei investering for profesjonsutviklinga i skulen, og skal bidra til å skape samanheng mellom utdanning og yrke. Lærarar som utviklar seg og trivast, bidreg til auka trivsel og læring for barn og unge. Det er også positivt i forhold til rekruttering.

Skuleåret 2023/2024 har skulen ein nyutdanna lærar som mottek rettleiing etter skulen sin plan for oppfølging og rettleiing av nytilsette og nyutdanna lærarar. Vedkomande har reduksjon i undervisningstid på 6 %. Lærar som gir rettleiing har redusert 4 % undervisningstid.

### Læringslivet:

Gjennom skuleåret har klassene fleire tverrfaglege opplegg både i den enskilde klasse og på tvers av klasser.



Her ser vi 1. og 10. Klasse som lagar lyslykter saman, 6. Klasse sin modell av fordøyingsystemet, 3. og 7. klasse som samarbeider om eit parti sjakk og 4. klasse i møte med den magiske verda i perodesystemet.





## TRYGT OG GODT PSYKOSOSIALT MILJØ I BARNEHAGANE

Jf. Barnehageloven §§ 41-43: *Barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna.*

Barnehagane i Vestre Slidre har fokus på det psykososiale miljøet i barnehagen. Ein del av dette er arbeid med relasjonsbygging og sosial kompetanse. Relasjonsbygging har vore tema på utviklingsarbeida til barnehagane. Dei tilsette i barnehagane har fått rettleiing frå mellom anna PPT.

For skulestartarane jobbar barnehagane for å styrke det sosiale på tvers av barnehagane. For å få til dette har vi fleire treffpunkt der borna får ulike opplevingar med pedagogisk innhald, der det sosiale blir vekta. Føresette blir også oppmuntra til å delta aktivt i dette.

Gjennom midlar vi får frå statsforvaltaren, er alle skulestartarane med på “tilvenning i vatten”, eit tilbod der vi gjer borna tryggare i vatten.

Barnehagane nyttar Utdanningsdirektoratet sin foreldreundersøking. Det er undersøking annakvart år. Begge barnehagane fekk tilfredsstillande svarprosent på undersøkingane som vart gjennomført hausten 2023. Foreldre har anledning til å søke opp resultatata frå eigen barnehage og dermed kunne samanlikne resultatata i forhold til andre barnehagar. Personalet i barnehagane er gjort kjent med resultatet i undersøkingane og det jobbast vidare med tiltak. Undersøkingane ligg tilgjengeleg for alle, på [www.barnehagefakta.no](http://www.barnehagefakta.no)

Kommunen har fått gjort ei vurdering av det fysiske miljøet i Slidre barnehage. Dette følgjast opp gjennom formannskap og kommunestyret i samarbeid mellom Plan, Teknisk, Miljø, Næring (PTMS) og Oppvekst i kommunen.

## LÆRINGSMILJØ

Læringsmiljø er faglege, fysiske og psykososiale forhold som har innverknad på læring. Eit godt læringsmiljø er ein føresetnad for at elevar og studentar skal lære og utvikle seg både fagleg og sosialt. (Ertesvåg, S. K, 2018)

### Det fysiske læringsmiljøet

Elevane sine rettigheter i Opplæringslova § 9 A-7 er knytt til skulen sitt fysiske miljø. Der står det at skulane skal planleggast, byggast og legge til rette slik at det blir teke omsyn til tryggleik, helse, trivsel og læring hos elevane.

Det fysiske miljøet på skulen dreiar seg om korleis områda ute og inne er utforma og tilrettelagt. Forsking viser at ryddige og reine omgjevnadar, der ting blir raskt reparert dersom noko blir øydelagt, bidreg positivt til elevane si læring og utvikling.

Skulen har eit stort, flott uteområde som er tilrettelagt for variert aktivitet og undervisning. Det er eit vedlikehaldsbehov av skulebygningen, både inne og ute. Særleg er lokala til ungdomsskulen slitt og utdatert. Skulen saknar fellesrom som kantine og amfi, til dømes slik dei har på Nord-Aurdal ungdomsskole, der alle elevar og tilsette kan samlast.

### Opplæringslova

Jamfør opplæringslova §9 a-2 har alle elevar rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Dei alle fleste barn og unge trivast på skulen. Av ulike orsakar kan det vera elevar som i korte eller lengre periodar ikkje opplever å ha eit godt læringsmiljø. Ved Vestre Slidre skule har vi mellom anna brukt elevundersøkinga til å følgje med på korleis læringsmiljøet på skulen er. UDIR har gjort nødvendige endringar i måten dei publiserer resultatata frå undersøkinga på. Det handlar delvis om personvernet til elevane og delvis om at rapportportalen, som er ei gamal teknisk løysing, blir fasa ut. Sidan elevundersøkinga gir oss mindre informasjon enn tidlegare om til dømes mobbing, gjennomfører skulen no Spekter digital to gonger årleg i 4.-10. klasse. Spekter er eit ikkje-anonymt verktøy for lærarar som brukast til å avdekke mobbing og kartlegge læringsmiljøet i ei klasse.

## Elevundersøkinga

2023-24						
Hele landet						
Alle fylker		Innlandet				
Alle kommuner		Alle kommuner		Vestre Slidre		
Hele landet		Innlandet		Vestre Slidre skule		
7. årstrinn	10. årstrinn	7. årstrinn	10. årstrinn	7. årstrinn	10. årstrinn	
Alle eierformer	Alle eierformer	Alle eierformer	Alle eierformer	Alle eierformer	Alle eierformer	
Alle kjønn	Alle kjønn	Alle kjønn	Alle kjønn	Alle kjønn	Alle kjønn	
Indikator - Spørsmål	Snitt	Snitt	Snitt	Snitt	Snitt	
+ Trivsel	4,0	4,0	4,0	4,0	4,3	4,2
+ Støtte fra lærer	4,2	3,9	4,2	3,9	4,2	4,2
+ Støtte hjemmefra	4,2	4,0	4,1	4,0	4,1	4,3
+ Vurdering for læring	3,6	3,2	3,7	3,3	4,1	3,5
+ Læringskultur	3,7	3,7	3,8	3,7	3,8	4,4
+ Mestring	3,9	3,8	3,9	3,8	3,9	4,1
+ Motivasjon	3,4	3,2	3,4	3,2	4,0	3,4
+ Elevdemokrati og medvirkning	3,6	3,3	3,7	3,3	4,2	3,9
+ Felles regler	4,2	3,9	4,2	3,9	4,2	4,1
+ Utdanning og yrkesveiledning (ungdomsskolen)		3,8		3,8		4,2
+ Faglig utfordring	3,9	4,2	3,9	4,2	3,9	4,6

**Figur 1:** Utdrag frå Elevundersøkinga. Resultat for gjennomsnittet i landet, Innlandet og Vestre Slidre

Elevundersøkinga er ei årleg digital undersøking der elevane på 5.-10. trinn får seie si meining om læring og trivsel i skulen. Elevundersøkinga er obligatorisk for 7. og 10. Trinn, men ved Vestre Slidre skule gjennomfører vi på 6.-10. trinn. Utover elevundersøkinga blir arbeidet med eleven sitt læringsmiljø fylgt opp gjennom forebyggjande arbeid som til dømes foreldreskule, trivselsreglar, elevsamtaler, utviklingssamtaler, samarbeid med heimen, Speker digital, tilsynsrutinar med meir.

### Vurdering:

Elevundersøkinga blir teke i november/desember. Tidlegare kunne skulen logge inn og sjå resultata rett etter gjennomføring. Dette er no endra og resultata blir ikkje publisert før i slutten av januar. Då vi fekk tilgang til resultata etter undersøkinga, vart desse sendt til

kontaktlærarane. Desse vart så gjennomgått med klasseteama og med elevane, og det vart utarbeida tiltaksplanar. Dette er eit systematisk arbeid som skulen har gode rutinar på.

Når det gjeld mobbing på skulen er resultatata for 7. trinn (16 elevar) skjerma. På 10. Trinn (25 elevar) er det ingen elevar som oppgir at dei blir mobba.

Vi ser av indikatorane i tabellen ovanfor at elevane svarar på eller over snittet for Innlandet og heile landet.

7. trinn har i sin tiltaksplan lagt inn at dei skal jobbe vidare med læringskultur, meistring og faglege utfordringar. Dei skal ha sjekk av lekser og tydelegare reglar for bruk av PC.

10. Trinn har i sin tiltaksplan lagt inn fokusområda *vurdering for læring*, motivasjon og elevmedverknad.

## Sikkerheitsnett:

### Foreldreskule

Skule og heim har eit felles ansvar for elevane si læring og utvikling, og vi har større sjans for å lykkast med dette om vi samarbeider godt. Foreldreskule for foreldre i 1., 5., og 8. klasse er eit av tiltaka vi har ved skulen for å etablere og halde på eit godt skule-heim samarbeid.



### Storforeldremøte

Kvart skuleår har skulen og FAU som mål å i fellesskap arrangere storforeldremøte. I mars fekk vi besøk frå Foreldreutvalgene (FUG) og tema i storforeldremøte var verdien av eit godt skule-heimesamarbeid. FUG sin føredragshaldar delte av kunnskap og erfaringar rundt temaet og retta eit særleg søkelys på korleis foreldre kan bidra til å skape trygge og inkluderande klassemiljø



## Bygda og grenda mi:

### Grautservering:

Skulen samarbeider med fleire lokale lag og foreiningar. Miljøet der barn og unge veks opp er viktig for god oppvekst og utvikling. Samarbeid mellom innbyggjarar, lag/foreiningar og kommunen sine tenester er viktig for å lykkast. Vestre Slidre sanitetsforening, husflidslaget og pensjonistlaget lagar og serverer havregraut til alle elevane på skulen ein gong i månaden. Dette blir satt stor pris på av elevar og tilsette.



### Fiskedagar:

Vestre Slidre jeger- og fiskarlag og fjelloppsynet inviterer til alle 5. klassingar til isfiskedag og 6. klassingane til fiskedag ved Buaråne kvart år. I tillegg til at elevane får ei oppleving saman med klassen sin, er målet å auke kunnskap og glede ved fiske og friluftsliv.



## TAL OG RESULTAT

### Tal frå barnehagane

Røn naturbarnehage 1-5 år	47 barn
Slidre barnehage 1-5 år	39 barn
Antal barn i barnehagane i Vestre Slidre	86 barn

*Figur 2: Oversikt over antal barn i barnehagane i kommunen*

### Tal frå skulen

Skuleåret 2023-2024 har Vestre Slidre skule 199 elevar.

### Resultat frå skulen

#### Nasjonale prøver

Dei nasjonale prøvene er digitale og dei blir gjennomført i 5., 8. og 9. trinn på hausten. Føremålet med prøvene er todelt. For det fyrste er prøvene ein indikator for å vurdere korleis skulen har klart å utvikle dugleikane i lesing, rekning og i delar av faget engelsk. For det andre er prøvene eit godt analysegrunnlag for å gjennomføre ei kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling av opplæringa. Ved skulen lagar vi tiltaksplanar når vi får resultata av dei nasjonale prøvene. Det kan vera tiltak både på gruppe- og individnivå. Tiltaka blir jobba fram på klassesetam og delt på stegmøter i februar kvart år.

Utdanningsdirektoratet gjorde endringar på dei nasjonale prøvane i 2022, resultata etter 2022 kan difor ikkje direkte samanliknast med tidlegare år.

**Figur 3:** Vestre Slidre skule sine skalapoeng. Skalapoenga kan variere litt frå år til år, i 2023 var Skalapoenga for rekning, lesing og engelsk 50.

Trinn-skuleår	Engelsk	Lesing	Rekning
8. kl. 2016-2017	45	44	45
9. kl. 2017-2018	-	47	47
8. kl. 2017-2018	47	51	49
9. kl. 2018-2019	-	54	53
8. kl. 2018-2019	53	51	48
9. kl. 2019-2020	-	57	52
8. kl. 2019-2020	49	51	47
9. kl. 2020-2021	-	53	51
8. kl. 2020-2021	47	50	46
9. kl. 2021-2022	-	53	52
8. kl. 2021-2022	51	54	54
9. kl. 2022-2023	-	57	56
8. kl. 2022-2023	51	50	51
9. kl. 2023-2024	-	54	55

**Figur 4:** Skalapoeng Vestre Slidre skule samanlikna med resultatata i Oppland/Innlandet

Trinn-skuleår	Engelsk	Lesing	Rekning
8. kl. 2018-2019	53	51	48
9. kl. 2019-2020	-	57	52
Oppland 8. kl. 2018-2019	48	49	49
Oppland 9. kl. 2019-2020	-	54	53
8. kl. 2019-2020	49	51	47
9. kl. 2020-2021	-	53	51
Oppland 8. kl. 2018-2019	48	49	49
Innlandet 9.kl 2020-2021	-	53	52



8. kl. 2020-2021	47	50	46
9. kl. 2021-2022	-	53	52
Innlandet 8.kl 2020-2021	49	50	49
Innlandet 9.kl 2021-2022	-	53	53
8. kl. 2021-2022	51	54	54
9. kl. 2022-2023	-	57	56
Innlandet 8.kl 2021-2022	49	50	49
Innlandet 9.kl 2022-2023	-	54	53
8. kl. 2022-2023	51	50	51
9. kl. 2023-2024	-	54	55
Innlandet 8. kl. 2022-2023	49	49	49
Innlandet 9. kl. 2023-2024	-	54	53

## Grunnskulepoeng

*Figur 5:: Grunnskulepoeng for 10. trinn 2020-21 til 2022-23 for Vestre Slidre, Innlandet og Noreg.*

	2020-21	2021-22	2022-23
Noreg	43,3	43,4	42,4
Innlandet	42,9	42,9	41,9
Vestre Slidre	44,7	42,8	41,5

### Vurdering:


Samanlikna med Innlandet er resultatane i nasjonale prøver for 8. klasse førre skuleår (9. dette skuleåret) betre både i engelsk, lesing og rekning.

Det er viktig å påpeike at resultatane frå dei nasjonale prøvene gir eit avgrensa bilete av dei dugleikane og den kompetansen elevane har. Resultata må difor sjåast i samanheng med anna informasjon som ein har om elevane.

Som vi ser av tabellane er det variasjonar mellom klassene. Dette er naturleg då vi ikkje har mange elevar pr. trinn, og enkeltelevar sine resultat vil vera utslagsgjevande i begge endar av skalaen. Dette er det same som ein ser i resultatane av elevundersøkinga. På skulen jobbar vi både på individ- og systemnivå for å motverke desse variasjonane, men noko variasjon må ein likevel kunne rekne med.

### Gjennomføring av vidaregåande skule

Når vi har fått presentert tal for fullført og bestått/gjennomføring av vidaregåande opplæring tidlegare, har det vore vist til gamle tal og Vestre Slidre sine elevar har ikkje kome spesielt godt ut. I møte med kompetanse- og tannhelsesjefen i januar fekk vi sjå fullført og bestått frå kulla 2020-22 og her låg Vestre Slidre veldig høgt. Ut frå dette kan det sjå ut til at vi har klart å snu, til ei positiv utvikling. Det er viktig å vera klar over at fullført og bestått er bestått i alle fag.



**Figur 6:** Diagrammet syner prosentvis gjennomføring og bestått 1. år vidaregåande opplæring for dei som gjekk ut i 2020 t.o.m. 2022 i Valdres-kommunane, gjennomsnittet for Valdres og Innlandet.

**Figur 7:**


2020-kullet: 90% har fullført og bestått 1. år vidaregåande opplæring

2021-kullet: 100% har fullført og bestått 1. år vidaregåande opplæring

2022-kullet: 100% har fullført og bestått 1. år vidaregåande opplæring

Gjennomsnitt av årskulla 2020-2022:

97,3% fullført og bestått 1. år vidaregåande opplæring



## UTFORDRINGSBILETE OG TILTAK

### Folkehelseoversikten

[vestre-slidre.kommune.no/tenester/plan-bygg-og-eigedom/planar/kommuneplan-kommunedelplan/folkehelseoversikt/](https://vestre-slidre.kommune.no/tenester/plan-bygg-og-eigedom/planar/kommuneplan-kommunedelplan/folkehelseoversikt/)

Utfordringar for oppvekstsektoren:

- Psykisk sjukdom høgt samanlikna med landsgjennomsnittet, både blant vaksne og blant unge.
- Fleire barn i familiar med vedvarande lav inntekt, samanlikna med landsgjennomsnittet.
- Befolkningssamansetting;
  - Rekruttering
  - Låge fødselstal på sikt

Tiltak:

- Endringar i samarbeid mellom helse og oppvekst grunna endra lovkrav til tverrfagleg samhandling og førebyggande arbeid på tvers av tenester.
- Familieperspektivet inn i [Strategisk plan for forebyggande arbeid og tverrfagleg samhandling - vedtatt \(1\).pdf](#)
- Styrking av helsestasjon- og skulehelsetenesta.
- Skuleåret 2023/2024 har det vore forsøkt å bruke ressursar i psykiske helseteneste meir målretta mot ungdom. Tenesta har inngått et samarbeid med skulehelsetenesta og skulen, men har så langt i for liten grad lykkast med å nå målgruppa. Det jobbast no med å finne andre løysningar rundt dette.

### Rekruttering

Utfordringar for oppvekstsektoren:

- Nedgang i antal søkarar til barne- og ungdomsarbeidarar, allmennlærer- og barnehagelærerutdanningane. Dette er ei nasjonal utfordring som ser ut til å treffe distrikta hardare enn bykommunane.

- Auke i pedagognorma til 50% barnehagelærarar innan 2025.
- Kompetansekravet i skulen gjer at dei nyutdanna lærarane har auka kompetanse i enkeltfag, men færre fag dei kan undervise i. Det har over tid vore særleg vanskeleg å få tak i kompetanse i dei praktisk-estetiske faga.

Tiltak:

- Jobbast allereie no med å imøtekomme lovkravet med tilsettingar, blant anna med å legge til rette for utdanning av dei som allereie er tilsett i kommunen
- Utdanningsdirektoratet har ordningar som legg tiltrette for vidareutdanning som Vestre Slidre skule har nytta over tid for å bygge kompetanse hos dei tilsette.
- Tiltak for å legge til rette for at tilsette trivast og ynskjer å vere lengre i jobb.

### **Vald og trugslar i barnehage og skule**

Utfordringar for oppvekstsektoren:

- I undersøkingar utført av Arbeidstilsynet kjem tilsette i barnehage og skule høgt oppe på lista over yrker som er utsette for vald og trugslar i arbeidskvardagen sin.


Tiltak:

- Dette er nasjonale tendensar som vi foreløpig ikkje ser i særleg grad i Vestre Slidre, men som vi rustar organisasjonane for å kunne handtere ved t.d. å styrke det tverrfaglege samarbeidet og å jobbe førebyggjande.

### **Barn og unges digitale kvardag**

Utfordringar for oppvekstsektoren:

- Nasjonale tal: Elevundersøkinga viser ei auke i digital mobbing frå 2017 til 2023.
- Vestre Slidre skule beskriv også ei problematikk rundt at episodar som skjer på fritida blir med på skulen og påverkar både skuledagen, trivsel og læring.



**Figur 8:** Tabellen syner utviklinga i digital mobbing nasjonalt for 7. trinn, 10. trinn og 1. trinn i vidaregåande skule. Kjelde: Elevundersøkinga 2023

#### Tiltak:

- Skulen vil sette dette på agendaen i samarbeidsarenaene mellom heim-skule som foreldreskule og foreldremøte. Korkje heimane eller skule/barnehage vil kunne løyse denne utfordringa aleine, og det er difor viktig at ein samarbeider om dei gode løysingane for barna.

#### Kutt i ressursar

##### Utfordringar for oppvekstsektoren:

- Uro i personalgruppa: Nokre av dei tilsette er uroa for om dei får behalde jobbane sine
- Oppfylle lovpålagte oppgåver i rammeplan for barnehage og læreplan for kunnskapsløftet
- Utfordringar med å ha ein god kvalitet på det forebyggande arbeidet for barn og unge når ein må prioritere mellom det, og dei lovpålagte oppgåvene kommunen har.

Tiltak:

- Ryddig prosess mellom kommunestyret og kommune i arbeidet med nytt budsjett.



## NASJONALE FØRINGAR OG KJELDER

Opplæringslova. Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (1998). (LOV-1998-07-17-61). Hentet frå [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61#KAPITTEL\\_11](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61#KAPITTEL_11)

Barnehageloven. Lov om barnehager (2006) (LOV-2005-06-17-64) Hentet frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>

Tilstandsrapport: mal og kjenneteikn på gode rapportar (2021, 20. Oktober) *Udir*. Hentet frå <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/tilstandsrapport/>

Ertesvåg, S. K, (2018, 28. september). Læringsmiljø. I *Store norske leksikon*. Hentet frå <https://snl.no/l%C3%A6ringsmilj%C3%B8>

Kommunedelplan: folkehelseoversikt 2020 [vestre-slidre.kommune.no/tenester/plan-bygg-og-eigedom/planar/kommuneplan-kommunedelplan/folkehelseoversikt/](https://vestre-slidre.kommune.no/tenester/plan-bygg-og-eigedom/planar/kommuneplan-kommunedelplan/folkehelseoversikt/)

Strategisk plan forebyggande arbeid og tverrfagleg samhandling barn og unge, 2023  
[Strategisk plan for forebyggande arbeid og tverrfagleg samhandling - vedtatt \(1\).pdf](#)





Adresse: Vestre Slidre kommune,

Slidretun Slidrevegen 16, 2966 Slidre.

Mail: [post@vestre-slidre.kommune.no](mailto:post@vestre-slidre.kommune.no)

Tlf: 61 34 50 00

